

MERKNADSSKJEMA – FORSLAGSSTILLAR SINE KOMMENTARAR TIL MERKNADAR - VARSLING

Plannamn	Detaljreguleringsplan for Akkjerhaugen, del av gnr.31, bnr.1,22,27 m.fl
Arealplan-ID	2017002
Saksnummer	18/52
Utarbeidd av	Ard arealplan as
Datert/Revidert	11.06.18

	Avsendar	Hovudpunkt i merknad / uttaling	Forslagsstillar sin kommentar
1.	Statens vegvesen 16.04.18	<ol style="list-style-type: none"> Saknar i oppstartsvarselet ei nærare utgreiing og grunngjeving for kvifor det ikkje er utarbeida eller er sett krav til planprogram. Jf PBL § 4-1. På transportområdet forventar vi at det vert gjort ei enkel berekning av trafikkmengde som planlagt verksemd vil medføra og om det er eit behov for eventuell oppgradering av eksisterande avkøyrsløse frå fylkesvegen. 	<ol style="list-style-type: none"> Det er i forkant av oppstartsvarselet gjort ei vurdering på om planarbeidet vil utløyse krav om KU og planprogram. Det ble konkludert med at planarbeidet ikkje ville utløyse dette og dette er difor ikkje omtalt i oppstartsvarselet. Tatt til følgje, berekning av trafikkmengde vil bli gjort.
2.	Fylkesmannen 24.04.18	<ol style="list-style-type: none"> Har ikkje særlege merknader til at kulturhuset blir etablert innanfor planområdet med dei funksjonane som er presentert i varslet. Det vesentlege er at kulturhuset får ei landskapsmessig god plassering og tilpassing, og at større delar av planområdet blir sikra som friområde, og at viktige strandsone- og naturkvalitetar i planområdet blir tatt vare på. Fjellknausen i planområdet bør ikkje byggast på, men sikrast som friareal. 	<ol style="list-style-type: none"> Tatt til følgje.
3.	Fylkeskommunen 31.05.18	<ol style="list-style-type: none"> Fylkeskommunen kjenner til at det har vore ei positiv utvikling av Jondal sentrum de seinare åra, og vil gjerne støtte opp om positive initiativ som styrker bygda som bu-, arbeids- og besøksstad i framtida. Eit sambrukshus som skissert i oppstartsvarselet kan gje gode ringvirkningar til lokalsamfunnet og bli ein viktig arena for møte og kulturutveksling. Vi oppmodar til at forslagstillar leggjer til rette for ein brei medverkningsprosess som også inkluderer næringslivet og innbyggjarar med ulik bakgrunn og roller, i tillegg til dei meir tradisjonelle infomøta som plan- og bygningsloven sett som krav. Terrenginngrep og nye anlegg vil kunne bli sær synlege frå sjøsida, og vi rår til at arkitektoniske kvalitetar vert sikra i føresegnene. Både bygningar, uterom og landskap må bli sett i ein arkitektonisk og estetisk samanheng. Tema som legg viktige premiss for utforming i føresegnene er: gesimshøgde, byggjehøgde, takform, kvalitet i materialar og terrengtilpassing. Ein bør sikre gjennom føresegner at deler av eksisterande 	<ol style="list-style-type: none"> Tatt til følgje, vil leggje opp til ei brei medverkningsprosess. Tatt til følgje, arkitektoniske kvalitetar vil bli sikra i føresegnene. Tatt til følgje, vil bli sikra gjennom føresegner at deler av eksisterande grønstruktur i planområde skal takast vare på. Ein vil søkje å gjere minst mogleg inngrep i friområda innanfor planområdet. Tatt til følgje, arkeologisk registrering av planområdet vil bli gjort. Tatt til følgje, undersøkingar av om det kan være skipsfunn eller andre marine eller maritime kulturminne i tiltaksområdet vil bli gjort.

		<p>grønstruktur i planområde skal takast vare på.</p> <ol style="list-style-type: none"> 4. Akkjerhaugen er eit viktig element i det noverande og førhistoriske landskapet til Jondal. Ei for høg utnytting og fortetting av strandsona vil kunne skjemma kulturmiljøet. Det er difor viktig at tiltak og arealutnytting av planområdet ikkje legg opp til inngrep i det regulerte friområdet. 5. Fylkeskommunen viser til at føreslått planområde har informasjon om fleire automatisk freda kulturminne inne i planområdet. Det er også gjort funn tett ved planområdet, og vi vurderer difor potensialet for funn av nye automatisk freda kulturminne inne i planområdet som stort. Fylkeskonservatoren vil slik varsle krav om arkeologisk gransking av planområdet. 6. Bergens Sjøfartsmuseum varslar også om at dei kjem til å krevje undersøkingar av om det kan være skipsfunn eller andre marine eller maritime kulturminne i tiltaksområdet når saka kjem på høyring. 	
4.	NVE 31.05.18	<ol style="list-style-type: none"> 1. Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlige regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tatt til følgje.
5.	Fiskeridirektoratet 31.05.18	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fiskeridirektoratet region Vest har registrert ein låssettingsplass på andre sida av Jondalsviki. Denne låssettingsplassen nyttast i brislingsfiske når fiske går føre seg i denne delen av Hardangerfjorden. Det må takast omsyn til denne låssettingsplassen dersom det er steng i han. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tatt til følgje.
6.	Kystverket 08.06.18	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kystverket gjer merksame på at planområdet grensar opp mot ankringsområdet Jondal havn, Skaalavika. Me ber om at det vert tatt omsyn til bruken av dette området ved utforming av kaianlegg og at bruken ikkje kjem til hinder for dette føremålet. 2. Vidare krev alle tiltak i sjø løyve etter hamne- og farvasslova og me ber om at dette vert tatt med i føresegnene til reguleringsplanen. 	<ol style="list-style-type: none"> 1.-2. Tatt til følgje.
7.	Bård, Olaug og Trygve Kråkevik 31.05.18	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ber om at ein ikkje tek bort storedelen av friområdet ved Akkjarhaugen. Dette inneber mellom anna at dalen framfor toppen av Akkjerhaugen og haugen med furuer på mellom denne dalen og fjorden må få vera friområde. 2. Ber Ard arealplan as syta for at nærområdet rett framfor Akkjerhaugen ikkje vert teke bort frå friområdet: La det enno vera mogleg å oppleva Akkjerhaugen med dalen og haugen framanfor og trea som naturleg stengsle mot 	<ol style="list-style-type: none"> 1.-2. Det vil bli gjort inngrep på vestsida av Akkjerhaugen mot sjøen. Det er endå uvisst kor mykje inngrep som blir gjort då ein ikkje er ferdig med teikningane av kulturhuset. Ein vil prøve å bevare så mykje som mogleg av vegetasjon og terreng på Akkjerhaugen og legge kulturhuset på ein best mogleg måte i landskapet.

		innsikt til noverande hotellbygg og komande kulturhus og bresenter med meir.	
8.	Borgen Advokater v/Sturla Nødtvedt på vegne av Oddmund Espeland 31.05.18	1. Oddmund Espeland er eier av ½ part av 31/161. Reagerer på at han ikke har blitt kontaktet av tiltakshaver før bnr. 161 ble inntatt i planområdet. Den varslede reguleringsplanen vanskeliggjør for eiers videre regulering og utnytting av bnr. 161. Ber om at bnr. 161 holdes utenfor plangrensen i sin helhet.	1. Ein vil forsøke å unngå take med tomten til Espeland i planområdet. Om ein ser at dette likevel blir naudsynt vil Espeland bli kontakta slik at det ikkje blir gjort noko på hans tomt utan samtykke.